



## Møtebok Fjordvegen Rute 13

**Styremøte 28.02.2023, kl 12.00-14.00 Digitalt møte**

**Deltakarar:** Gerd Helen Bø, Roald Aga Haug, Toralv Mikkelsen, Sigbjørn Hauge, Ingvald Torblå, Marta Vange

**Ikkje tilstades:** Kristoffer Amdal

**Sekretariatet:** Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

### **Sak 08/23 Meldingar**

#### **Sak 09/23 Årsmøte 2023. Quality Hotel Sogndal 17. april 15.30. - 17.00**

Årsmøtesakene vart gjennomgått.

Kontingent er føreslått uendra for 2024. Langtidsbudsjettet er basert på kontingentauke frå 2025. Medlemsrekryttering skal prioriterast.

Handlingsprogrammet er justert m.o.t. fokus på overordna politisk nivå .

Forslag til vedtekts-justeringar etterspurd på generalforsamling 2022 blir lagt fram for årsmøtet.

Årsmøtepapira er klare til utsending med dei oppdateringar som vart gjort i møtet.

#### **Sak 10/23 Årskonferansen 2023 17. april - Quality Hotel Sogndal v/ Hanne**

*Program og invitasjon er sendt ut, og det har koma påmeldingar.*

*Har fått merksemd om konferansen. Nettside.*

*Budsjettet er stramt. Mål om 75 deltagarar for at budsjettet skal gå i balanse, ca 45 av desse må vera fullt betalande medlemmer.*

*Styret aksepterer å dekka konferanseavgift, overnatting, middag etc sjølv.*

### **Sak 11/23 Fast Post:**

Gjennomgang av status for Rv13

Ikkje oppdateringar frå **Sogn og Voss**.

#### **Hardanger**

Kinsarvik-Kyrkjenes - går etter planen.

Strakstiltak Ringøyvike - mindre aktivitet der no, men lurar på om det er sjekka ut om dei er i rute. Vert prosjektet gjennomført og vert det asfalt på vegen før sommaren? Slik det er no, er det ikkje bruknde.

Nye Veier melder at dei vil starta rassikring Odda-Tyssedal iløpet av året.

Fangnett i Oaldskår er på plass, og vegen skal asfalterast.

Nye Veier kjem også med konklusjon på heile sin portefølgje på RV 13.

#### **Suldal**

Langs Suldalsvatnet er det nokre tunelloppgraderingar,

Sand/Erfjord er det spm om lang/kortare tunnell - høyningsfrist snart.

Fanggjerde er kome opp på strekning mot Lovra, der det også har vore renska og sikra.

Lenger sør er det svingane som skal utbetraast, samt takstar i Ryfast - kva skal det ligga på.

### **Sak 12/23 Innmeldte saker/Ymse**

Tilbakemelding om Arendalsveka:

Det har ikkje vore planleggingsmøte. Men det er bestemt at Teltkapasitet skal halvverast, dvs at mange færre får plass her.

Men me bør få til mest mulig arbeid og blest om RV 13, til minst mulig pengar.

F.eks må me jobba mot å få vera debatt deltakar i andre sine debattar.

Me kan kanskje få plass til å laga eigen debatt, men medlemmer vil nok verta prioriterte.  
Rassirkningsgruppa er medlem, så me må henga oss på der.

Representasjon på Regjeringen sin høyringskonferansen, og takk til Sigbjørn som heldt eit godt innspele.

Ber om at dagleg leiar finn ut meir om status og arbeid med strakstiltak i Ringøyvike.

Styret ber om at godkjenning av møtebok frå sist møte alltid er sak på styremøtene.

Kinsarvik 28.02.2023

Jostein Eitrheim  
referent.